

# Protokoll frå årsmøtet for 2025, Bø orienteringslag.

Årsmøtet for året 2025 blei avholdt på USN Campus Bø, onsdag 11.februar 2026 kl. 18.00 – 20.00 O-laget serverte pizza fra Pizzafjaset, kaffe, te, Farris og kake. Mens vi åt såg vi på bileter frå o-sesongen 2025.

## **Sak 1 Godkjenning av dei med stemmerett**

Følgjande 16 personar deltok på årsmøtet: Gunn Botnen, Inger Lise Solberg, Olav Solberg, Margit Ryen Steen, Bjørn Steen, Synnøve Dalva, Gyrid Kvåle, Jarle Botnen, Tore Håndstad, Per Christian Hagen, Per Sveinung Norendal, Elisabeth Bratland Solberg, Vegard Bratland Solberg, Steinar Lande, Leif Halvor Sunde og Dag Steinar Ragvin

Vedtak: Alle over 15 år har stemmerett.

## **Sak 2 Godkjenning av innkalling og sakliste**

Vedtak: Årsmøtet godkjende innkallinga og følgjande sakliste:

Sakliste

1. Godkjenning av dei med stemmerett.
2. Godkjenning av innkalling og sakliste.
3. Val av ordstyrar, referent, og to medlemmar til å underteikne protokollen.
4. Årsmelding
5. Rekneskap
6. Medlemskontingent for 2026.
7. Støtte til startkontingentar for deltaking i o-løp.
8. Betaling frå passasjerar til sjåførar for køyring til o-løp. Anbefalingar.
9. Budsjett for 2026.
10. Innkomne forslag.
11. Val.
12. Eventuelt.

## **Sak 3 Val av ordstyrar, referent og to medlemmar til å underteikne protokollen**

Vedtak: Dag Steinar Ragvin er ordstyrer og referent.

Underskrive protokollen: Synnøve Dalva og Bjørn Steen.

## **Sak 4 Årsmelding**

Ordstyrar la fram årsmeldinga for godkjenning.

Vedtak: Årsmøtet godkjenner årsmeldinga med nokre mindre rettingar.

## **Sak 5 Rekneskap**

Styret ved kasserar la fram rekneskapen for 2025 for godkjenning av årsmøtet med revisors kommentarar.

Vedtak: Årsmøtet godkjende rekneskapen med kommentarar frå revisor.

## **Sak 6 Medlemskontingent for 2026**

Vedtak: Styret vedtok å halde på same satsane som har vore gjeldande dei siste åra:

Familie (inkludert skuleungdom t.o.m. 20 år) kr 350,-

Vaksne enkeltmedlem (over 17 år) kr 200,-

Barn (under 17 år) kr 100,-

Støttemedlem kr 50,-

## **Sak 7 Støtte til startkontingentar for deltaking i o-løp**

Styret vedtok å halde på stønadsbeløpet pr. vaksen på kr 2500,-. Dermed gjeld følgjande:

Bø o-lag dekkjer startkontingentar i o-løp 100% for dei under 21 år og 100% opp til kr 2500,- i året for medlemmar frå 21 år og oppover. Bø o-lag dekkjer all startkontingent for NM, noregscup, hovedløp og stafettar.

Klubben dekkjer all startkontingent, både i inn- og utland, inntil 2500,-  
For løp som medlemmar betalar direkte, må ein levere kvitteringar til kasserar for refusjon.

**Sak 8 Betaling frå passasjerar til sjåførar for køyring til o-løp. Anbefalingar**

Årsmøtet tilrår kr 25,- pr. mil pluss bompengar, og at dette delast på alle personane i bilen.

**Sak 9 Budsjett for 2026**

Styret ved kasserar la fram forslag til budsjett.  
Vedtak: Årsmøtet godkjenner budsjettet for 2026.

**Sak 10 Innkømne forslag**

Ingen forslag.

**Sak 11 Val**

Valnemnda foreslo følgjande 5 til styre for 2026:

Leiar: Dag Steinar Ragvin (vald for 1 år)  
Nestleiar og sekretær: Elisabeth Bratland Solberg (vald for 2 år)  
Kasserar: Per Sveinung Norendal (1 år igjen)  
Øvrige styremedlemmer:  
Gyrid Kvaale (1 år igjen)  
Gunn Botnen (vald for 2 år)

Vara: Dag-Øyvind Olsen Djuvik (1 år igjen)  
Vara: Sondre Hefre (vald for 2 år)


Revisor: Trude Harstad  
Valnemnd: Jon Solberg


Vedtak: Årsmøtet godkjenner valnemndas forslag.  
Leif Halvor Sunde gjekk ut av styret og fekk blomar.

**Sak 12 Eventuelt**

- **Kartplan** – styret jobber vidare med kartplan og revidering av eksisterande kart. Nye terreng: forslag om området Holtan Damtjønn i Sauherad.
- **Kretsting**. Måndag 2.mars – Dag Steinar og Per Sveinung deltek.
- **Bø-løpet 9.mai**. Diskusjon om kvar vi skal gjennomføre arrangementet. Forslag om å bruke sørlege delar av kartet på Folkestadåsane.
- **MOT-TV-leir**. På Folkestad skule same helga som løpet. Jon Solberg lagar treningsopplegget.
- **Bankkontoen** til o-laget i Sparebanken DIN disponerast av Steinar Lande i tillegg til kasserar Leif Halvor Sunde. Sidan Leif Halvor sluttar som kasserar, må vi kontakte banken og be om at naudsynt funksjonalitet klargjerast for at Per Sveinung Norendal overtar som disponent.
- **Sesongavslutningen**. Kva tenkjer årsmøtet om at det er størst fokus på familiar med småborn? Årsmøtet godkjenner at styret legg opp til eit arrangement som funkar for born og familiar, men at det også var hyggeleg tidlegare da arrangementet var innandørs på Bø ungdomsskule.
- **Emit-tag**. Klubben bør kjøpe nokre Emit-tag for utlån. Medlemmar som må kjøpe ny brikke, bør vurdere å kjøpe Emit-tag i staden for Emit-brikke.

Bø i Telemark, 11.februar 2026

  
Inger Lise Solberg

  
Per Sveinung Norendal